


Årsmelding
SIU 2003



UNIVERSITETS- OG HØGSKOLERÅDET
SIU SENTER FOR INTERNASJONALT UNIVERSITETSSAMARBEID

Nr. 1
SIU
PUBLIKASJONAR
2004

Innhold

2003: Eit paradigmeskifte for SIU	side 3
SIU - Eit attersyn på internasjonalisering i utdanning	side 4
Modus Operandi: Teknologi gjer programma betre	side 6
Med dialog, resultat og openheit i søkjelyset	side 7
NORAD Stipendprogram	
Stadig fleire kurs, både i Sør og i Nord	side 8
NLH-student vil betre jordbruket i Eritrea	side 9
NORAD Kulturutdanningsprogram	
Musikalsk brubygging	side 10
NORDPLUS	
Fem år med forbedring	side 11
NORDMÅL	
Kvalitetsauke på programadministrasjonen	side 11
NUFU	
Ernæring, frukttrø og politiske val - forskningssamarbeid med Malawi	side 12
Samarbeidsprogramma med Sør-Aust Europa, Russland og kandidatlanda til EU	
2003: Eit innleiingsår	side 14
Russisk-norsk samarbeid i lys av Bologna-prosessen	side 15
Sokrates	
Nettverk for kulturforståing og integrering	side 16
SIU får applaus for drifta av Sokrates	side 17
Von om meir deltaking i store Grundtvig-prosjekt	side 18
Comenius set spor i den norske skulen	side 18
Auka aktivitet i Erasmus	side 19
SIU Nøkkeltal	side 20
SIU styre og program-utval	side 20

Om Universitets- og høgskolerådet (UHR)

Universitets- og høgskolerådet (UHR) er det viktigaste samarbeidsorganet for norske universitet og høgskolar og skal bidra til utviklinga av Noreg som ein kunnskapsnasjon på høgt internasjonalt nivå.

UHR skal vere ein sentral premissleverandør til storting og regjering og ein viktig utdannings- og forskingspolitisk aktør.

Om Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU)

Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) skal leggje til rette for institusjonane sine felles satsingar innan internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid. SIU skal vere eit norsk kompetansesenter for slikt samarbeid. SIU skal administrere og utvikle program og støttefunksjonar innan utdanning og forskning.

Avtalepartnarar og oppdragsgjevarar for programma SIU forvaltar, er Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD), Utanriksdepartementet (UD), NORAD, Nordisk Ministerråd og Europakommisjonen. SIU er eigd av universiteta og høgskulane i Noreg gjennom Universitets- og høgskolerådet (UHR).

2003: Eit paradigmeskifte for SIU

For SIU har 2003 vore eit merkeår prega av prosessen med å få den framtidige tilknytningsforma for senteret endeleg klargjort. Parallelt med dette har ein greidd å arbeide effektivt med dei jamlege oppgåvene.

Positive evalueringar og tilvekst til programma

Drifta av programporteføljen har gått svært bra, og arbeidet med å førebu neste hovudperiode i NORAD-programma har starta, samstundes som ein også har følgd nøye med på prosessen i Brussel for EUs nye utdanningsprogram. NUFU har fått ein tilvekst på 15 millionar kroner over tre år mot Malawi etter initiativ frå den norske ambassaden. Det har også vore diskutert om SIU skal administrere eit utvekslingsprogram for studentar frå Sør-Afrika.

På to av våre største arbeidsområde, nemleg mot Europa og land i Sør, har SIUs arbeid vore underkasta ekstern evaluering. Det er gledeleg å konstatere at Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU) ga SIU ei positiv evaluering av programdrifta i Sokrates, og likeleis at det uavhengige konsultentselskapet UNIConsult hadde ei positiv evaluering av arbeidet retta mot land i Sør.

SIU har i 2003 arrangert 8 konferansar, kurs og seminar

Haustkonferansen i oktober på Solstrand med forskning og høgre utdanning i eit Sør-Nord perspektiv som tema, blei svært interessant. Hovudinnlegga blei haldne av Sør-Afrikas utdanningsminister Kader Asmal og direktør i Verdsbanken, Mamphela A. Ramphela. Kurs med føremål å styrkje kompetanse og medverke til erfaringsutveksling i internasjonalisering er eit prioritert område for SIU, og med hjelp frå ressurspersonar frå institusjonane arrangerte vi slike kurs i juni og november, i same følgd i Kristiansand og Bergen.

For ministerkonferansen i Bergen i mai 2005, som er ei oppfølging i den såkalla Bologna-prosessen, har Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) bede SIU vere teknisk tilretteleggjar.

Nytt namn og ny organisasjonsstruktur

Årskiftet 2003/2004 markerer at SIU frå 1.1. 2004 går inn i ein ny epoke som eit forvaltningsorgan under UFD. Det "nye" SIU får eige styre der fleirtal og styreleiar kjem frå universitets- og høgskolesektoren. Namnet er også endra frå *Senter for internasjonalt universitetssamarbeid til Senter for internasjonalisering av høyere utdanning*, framleis med forkortinga SIU.

Som forvaltningsorgan blir samhandling med departementet nært og viktig, men samstundes er det heilt sentralt at universitets- og høgskolesektoren held fram med å ha eit eigarforhold til SIU. Dette vil bli forankra i styringsstrukturen som SIU no får, i dei ulike programstyra og ikkje minst gjennom eit medvite samvirke med institusjonane. SIU vil til dømes gå saman med sektoren når det skal forhandlast fram nye samarbeidsprogram som inneber plikter for lærestadene. Det blir også viktig å nytte SIUs eigen kompetanse saman med den monalege ekspertisen og kompetansen som finst ved institusjonane for ei best mogleg løysing av dei ulike oppgåvene.

Vegen vidare

Som ei oppfølging av Kvalitetsreforma valde UFD å satse på SIU som grunnstamma i det nye nasjonale organet for å styrkje internasjonalisering av høgre utdanning. Den nye organisasjonen vil få eit omfattande arbeidsfelt og skal vere eit samarbeids- og serviceorgan og ein partnar for statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar. Samanfatta vil oppdraget vere å fremje internasjonalisering, kulturell kommunikasjon og internasjonal mobilitet innan høgre utdanning, og å samordne innsatsen på nasjonalt nivå i samsvar med dei offisielle retningslinjene for politikken på feltet.

SIU skal vere nasjonalt kontor for internasjonale program og tiltak innanfor høgre utdanning, inklusive programma overfor land i Sør, men kan også forvalte program som dekkjer andre utdanningsnivå (grunnopplæring og vaksenopplæring). Vidare får SIU som oppgåve å profilere Noreg som studie- og forskingsland overfor utlandet, hjelpa til med rettleiing og kompetanseoppbygging i internasjonalisering ved universiteta og høgskolane og gi råd til departementet på relevante område.

Seglasen vidare blir krevjande, viktig og spennande!



Knut Brautaset



Ulf Lie

Knut Brautaset
styreleiar

Ulf Lie
direktør

SIU stør trekkfuglane

SIU – eit attersyn på internasjonalisering i utdanning

I dei tolv åra som har gått sidan SIU vart oppretta, har det skjedd store endringar, både internt på SIU og i det internasjonale utdanningslandskapet. SIU, som starta med to program og tre tilsette, administrerer i dag ei lang rekkje internasjonale samarbeidsprogram og har 28 faste tilsette.

Frå administrator til partnar

Historia til SIU byrja i 1991. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) og Utanriksdepartementet (UD) trong nokon som kunne administrere både Noreg si deltaking i EU-programmet Erasmus og avtalen mellom UD og utdanningsinstitusjonane om NUFU-programmet. Dei spurde Universitetsrådet (UR), som nyleg hadde oppretta eit fast sekretariat, om dei kunne ta på seg oppgåva. UR grunnla då SIU, som fekk tre tilsette.

På denne tida var globaliseringa komen på dagsordenen, og dei første glimta av elektronisk kommunikasjon hadde byrja å vise seg. Internasjonalisering av utdanning var så vidt blitt eit tema, men enno ikkje i særleg grad i Noreg. Både i EU og i Noreg materialiserte internasjonaliseringa seg etter kvart i program. Det er vanskeleg å seie kvifor nettopp programforma vart og framleis er dominerande, men eit blikk på EU sitt regelverk før Maastricht-avtalen syner at det var naudsynt med internasjonal organisering, institusjonalisering og fjerning av nasjonale barrierar. Bologna-prosessen og problema med doble gradar som vi har i

dag, syner at desse behova ikkje har endra seg stort. I bakpegelen kan vi sjå denne tida som byrjinga på det internasjonale institusjonssamarbeidet, som i aukande grad òg er eit svar på kommersialiseringa av høgare utdanning.

Sjølv om vi slik sett framleis er innanfor det same regimet, er det likevel fantastisk å sjå kor mykje som har skjedd dei siste 12 åra. Internasjonalisering er blitt ein sentral aktivitet for regjeringa og for utdanningsinstitusjonane, og talet på samarbeidsprogram veks stadig. Med Kvalitetsreforma vart eit nytt SIU skissert, og det nye SIU vart etablert i 2004 med utvida mandat. SIU vil halde fram med å tene både departementa og utdanningsinstitusjonane, men med andre formelle strukturar enn før. Framleis vil SIU vere ein pådrivar for utviklinga av det organiserte internasjonale institusjonssamarbeidet, eit samarbeid som er eit vilkår for auka akademisk mobilitet.

I 1991 tildelte SIU rundt 50 millionar kroner gjennom programma. I 2003 hadde summen auka til 230 millionar og gjekk til

internasjonale prosjekt, stipend og samarbeidstiltak, hovudsakleg gjennom programstyra.

SIU vart fødd og voks saman med den elektroniske revolusjonen og nytta han til å byggje opp sine eigne elektroniske system for programadministrasjon. SIU var tidleg ute med å selje elektroniske tenester til nasjonale og internasjonale aktørar, mellom anna til EU-kommisjonen.

Fire fasar i SIUs historie

1991-1994 var åra frå fødselen og fram til SIU vart ei eiga avdeling i administrasjonen til Universitetsrådet. I denne perioden hadde SIU eige styre, som var samansett frå universiteta og med generalsekretæren i UR som leiar. SIU la grunnlaget for IT-systema sine, vart kjent med institusjonane i inn- og utland og etablerte administrative rutinar.

1995-97 var ein periode med oppbygging og vekst. Etter Maastricht-avtalen i 1995 vart Erasmus lagt til Sokrates. Samstundes vart NUFU-programmet utvida,

og SIU starta ei intern organisasjonsutvikling som resulterte i to avdelingar for utvikling og drift.

1998-2000 kan sjåast som gullalderen til SIU, med mange aktivitetar og mykje verkelyst. Ved slutten av perioden var strukturen i SIU slik vi har i dag: to fagavdelingar og ei fellesavdeling. Det vart òg arbeid med å kvalitetssikre verksemda og vidareutvikle dei byråkratiske rutinane. Entreprenørfasen var definitivt over. SIU dobla porteføljen sin i denne perioden. Samstundes fekk SIU sitt eige styre, først eit interimsstyre, og sidan eit permanent styre som vart definert etter at Universitetsrådet og Høgskolerådet hadde slege seg saman til Universitets- og høgskolerådet (UHR) i mai 2000. Det nye styret med Knut Brautaset som leiar fekk utstrekke fullmakter under UHR.

2001-2003 var ein overgangsperiode for SIU, som mellom anna vart prega av arbeidet med rapporten til Mjøs-utvalet. Innstillinga frå Kvalitetsutvalet i departementet kom i mars 2002. Vi visste då kva SIU ville bli – eit nasjonalt senter for internasjonalisering av høgare utdanning, eigd av UFD og med eit mandat som det var blitt kjempa hardt for. SIU er framleis i ein overgangsperiode, som truleg vil vare ut 2004.

Vegen vidare

Etter dette må SIU løfte seg att, slik vi gjorde i perioden frå 1991. Norsk høgare utdanning har langt å gå for å kome dit vi ønskjer. Målet er å sikre kvaliteten i høgare utdanning på norsk jord og gjere denne meir attraktiv ved å gi studentane våre eit internasjonalt tilbod og lærarane våre eit internasjonalt miljø, ved alliansar med

internasjonale fagmiljø som kan tilføre våre eigne noko utan å ta plassen deira. Samstundes må vi delta i internasjonale fora og ta ansvar for våre internasjonale plikter overfor land i Sør. Dersom SIU får bli det kompetansesenteret vi vonar og får bidra i desse prosessane i ei ny tid, kan senteret spele ei nøkkelrolle i internasjonalisering av høgare utdanning.

Program administrert av SIU

1991	Erasmus (1991-1995) NUFU (1991-2006)
1995	Sokrates (1995-2006) Samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa (1995-2001)
1998	NORAD stipendprogram (1998-2005)
1999	Nordplus (1999-2003)
2000	Samarbeidsprogrammet med Sørøst-Europa (2000-2004)
2001	Nordmål (2001-2003)
2002	Samarbeidsprogrammet med kandidatlanda til EU (2002-2005) Samarbeidsprogrammet med Russland (2002-2006) NORADs kulturutdanningsprogram (2001-2005)
2003	The Erasmus Link to Norway (2003-2005)
2004	(Erasmus Mundus, EUs E-læringsprogram)

Den såkalla Bologna-prosessen vil ha ei sterk innverknad på SIUs arbeid i dei komande åra. Prosessen vart initiert i 1999 med ein deklarasjon som vart signert av 29 europeiske utdanningsministrar i Bologna. Under ei oppfølgingskonferanse i Berlin i 2003 auka talet på deltakarland til 40. Målet med Bologna-prosessen er å skape eit felles europeisk område for høgare utdanning innan 2010. Fleire tiltak har vorte definerte for å oppnå dette målet, med fokus på mellom anna inndeling av gradssystem i to hovudnivå som samstundes er sammenliknbar og lett forstålege, kvalitetssikring og mobilitet.

Den neste Bologna-konferansen finn stad i Bergen den 19.-20. mai 2005, der SIU vil vere teknisk arrangør.

Dei to tårna i Bologna, Italia ("Le Due Torri di Bologna"), er synlege over heile staden og utgjør eit populært landemerke for turistar.
(Foto: Carsten Kickstat)

Modus Operandi: Teknologi gjer programma betre

SIU arbeider ut frå strategisk bruk av interne IKT-ressursar. IKT-avdelinga utviklar skreddarsydd system til støtte for programma og er også ansvarleg for IKT-strukturen i heile organisasjonen. På grunn av denne tekniske kompetansen kan SIU bruke ressursar for ytterlegare å betre innhald og administrasjon av programma. Det er også vanleg at andre institusjonar rådfører seg med SIU på IKT og inngår ein avtale der SIU spelar ei teknisk rolle i prosjekta deira.

NUFU Online

I 2003 gjorde SIU ferdig *NUFU Online* - prosjektet som ein komplett IKT-basert administrasjonsreiskap for NUFU-programmet. *NUFU Online* gjer heile prosjektprosessen lettare ved å tilby ei online søknads- og rapportteneste for brukarane og dermed for prosjekt-koordinatorane. Systemet inkluderer interne reiskapar for budsjettkontroll, utbetalingar og rapportering og gjer det mogleg å leggje informasjon om prosjektet på SIUs nettstad. Strukturen i NUFU-programmet, med vekt på at partnarane skal vere likestilte, kompliserte prosjektet, og vi er difor stolte over å ha takla utfordringane og utarbeidd eit system som har fått svært positive tilbakemeldingar frå brukarane. *NUFU Online* er også ein viktig del av ein internettportal med landsspesifikk informasjon om samarbeid innanfor høgare utdanning og forskning, som blei ferdigstilt i 2003.

Online-informasjon: Ein viktig del av SIUs strategi

Informasjon er eit sentralt punkt for SIU med vår nettstad som hovudkanal for ekstern informasjon. I tillegg gir vi ut ei rekkje skriftlege publikasjonar og arrangerer kurs og konferansar.

ISOC-kontrakten med Europakommisjonen

I desember 2002 undertekna Europakommisjonen ein kontrakt med SIU for oppgradering og vedlikehald av ISOC-databasen. ISOC er ein interaktiv, web-basert prosjektkatalog som inneheld prosjektinformasjon frå nesten alle dei sentraliserte tiltaka i Sokrates-programmet. Den nye databasen som blei lansert i august 2003, er eit spreingsverktøy for transnasjonale prosjekt. Den gir alle prosjekt koordinatar høve til å leggje inn og redigere informasjon om sine prosjekt, t.d. å oppdatere prosjektresultat, prosjektkalender, partnarinformasjon osv. Eit introduksjonskurs blei arrangert for Europakommisjonen, og databasen har vore presentert på ei rekkje seminar og møte i Brussel. I løpet av hausten 2003 auka trafikken på databasen, og SIU er beden om å utvide denne tenesta også for 2004.

www.siu.no/isoc

Brukarane er tilfredse med siu.no

I desember 2003 gjorde vi ei omfattande undersøking omkring nettstaden vår, inkludert eit online spørjeskjema. Analysen av det innsamla materialet viser at dei som vitjar nettstaden vår, er meir enn gjennomsnittleg tilfredse med den samla kvaliteten dei finn, og at dei aktivt bruker dei ulike tenestene vi tilbyr. Vevsidene våre hadde eit månadleg gjennomsnittsbesøk på 40 000 i 2003, og vi mottok meir enn 3200 førespurnader på online kontaktskjema i løpet av året.

Med dialog, resultat og openheit i søkjelyset

Oversjøisk seksjon ved SIU er ansvarleg for program som rettar seg mot samarbeid med land i Sør (hovudsakleg Afrika sør for Sahara og Sør-Aust Asia), Russland, Sør- og Aust-Europa og kandidatlanda til EU.

I oktober 2003 arrangerte SIU sin andre haustkonferanse "Policies and Models for International Cooperation in Higher Education". Målgruppa var norske deltakarar som arbeider med planlegging, administrasjon og utvikling av dei faglege sidene i høgere utdanning i samarbeidet mellom Noreg og landa i Sør. Mellom dei mange viktige medverkande på konferansen var utdanningsministeren i Sør-Afrika professor Kader Asmal, direktør i Verdsbanken Dr. Mamphela A. Ramphele og generalsekretær i the International Association of Universities Eva Egron-Polak.

2003: Prioritering av kunnskapsformidling frå programma

NUFU-programmet blei presentert i ein ny publikasjon med tittelen "Når forskere samarbeider Sør-Nord", der ein kan finne ei fullstendig liste over prosjektporteføljen for den tredje perioden. Mange prosjekt får ein journalistisk presentasjon. Årsmeldinga 2002 for Samarbeidsprogramma med Sør-Aust Europa, Russland og kandidatlanda til EU blei også publisert som ein del av SIUs nye publikasjonsserie for å gi ein breiare presentasjon av programaktivitetar.

Alle NUFU og austeuropeiske samarbeidsprogram er presenterte på eigne websider. I samarbeid med NORAD og utanriksdepartementet (UD) har SIU laga ein webportal som dekkjer mange av deltakarlanda i dei ulike programma. Portalen har opplysningar om spesifikke prosjekt, mogleg samarbeid for både lokale innbyggjarar og nordmenn og lenker til andre relevante websider.

Bibliografiar

I 2003 har oversjøisk seksjon retta arbeidet inn mot å betre informasjonen frå programma. Ein fullstendig bibliografi blei gitt ut for NUFUs andre programperiode

1996-2002, saman med ein fullstendig bibliografi over masteroppgåver frå NORAD stipendprogram 1998-2002. Oppdatert og søkbar bibliografisk informasjon er no tilgjengeleg online for både NUFU og NORAD stipendprogram. Nye rutinar for openheit i vedtaksprosessen til programma har vore sette ut i livet i fleire år, og dei fungerer no som dei skal. Vedtakspremissar og avgjerder i programstyret er også lagde ut online.

Direktør i Verdsbanken Dr. Mamphela A. Ramphele (til venstre) og utdanningsminister i Sør-Afrika professor Kader Asmal (til høgre), tek ein pause under SIUs haustkonferanse 2003 på Solstrand i Os utafor Bergen. (Foto: SIU)



Land-spesifikk informasjon
www.siu.no/embassy

Prosjekt/ resultat:
www.siu.no/nufu/bibliography
www.siu.no/norad/bibliography
www.siu.no/nufu/projects
www.siu.no/east/projects
www.siu.no/vitenskapsproduksjon

Program-manualar/ vedtak:
www.siu.no/utvalg
www.siu.no/nufu/manual
www.siu.no/norad/manual

SIU publikasjonar i 2003:

- Årsmeldingar 2002 for NORADs stipendprogram og Sentral- og Aust-Europaprogramma
- "Når forskere samarbeider Sør-Nord" (Oversikt over forskingsprosjekt i NUFU-programmet for 2002)
- Master Theses 1998-2002: A Bibliography of Master Theses from the NORAD Fellowship Programme
- NUFU Bibliography 1996-2002: Publications from the NUFU Programme 1996-2002
- "Cooperation between Institutions of Higher Education and Research in Norway and the Muslim World"
- "The after effects of international school work: Profiles, strategies and experiences in Norway"
- "Development Cooperation: Old Paradigms?"
- "Europavegen" (årleg kampanjeavis for SOKRATES-, Leonardo da Vinci- og Ungdomsprogramma)
- Final report SIU Autumn Conference 2003

Ei komplett liste over SIUs publikasjonar finn du på følgjande adresse:
www.siu.no/publikasjoner

Stadig fleire kurs, både i Sør og i Nord

Tanken bak NORADs stipendprogram er å byggje bruer mellom teori og praksis, mellom klasserommet og den verkelege verda og mellom Sør og Nord. Stipendprogrammet er med på å styrkje den internasjonale kompetansen ved norske universitet og høgskolar, samstundes som det hjelper institusjonar i Sør med undervisingsbehov som dei sjølve ikkje kan dekkje. I dei siste 40 åra har stipendprogrammet vidareutdanna rundt 3000 studentar frå land i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Ein vesentleg del av desse har vore kvinner. I 2003 utgjorde talet på kvinner i stipendprogrammet 34 prosent.

NORADs mastergradsprogram i *Electrical Power Engineering* vert det første studiet i regi av stipendprogrammet som i sin heilskap er lokalisert i Sør. Dette er i tråd med ønsket til norske styresmakter om å utvikle utdanningstilbod i Sør. Ei slik satsing på kurs i land som Nepal, Tanzania og Malawi vil byggje på det institusjonelle samarbeidet i NORADs stipendprogram og bli sett i samanheng med andre bistandstiltak innan utdanning og forskning. Ved Kathmandu University (KU) i Nepal seier ein seg sjølvsagt svært nøgd med det nye masterstudiet.

– Dette er svært prestisjefyllt, og det tyder mykje for oss å få dette kurset. Vi vil få fleire utanlandske studentar, både frå Afrika og Asia. Den største utfordringa vil vere å ta godt vare på dei, seier dekan ved KU, Dr. Badhra Man Tuladhar.

Høgskolen i Bodø fekk i 2003 tildelt seks

studieplassar i mastergradsprogrammet *Comparative Social Work*. Høgskolen er med i eit arktisk samarbeid i regi av University of the Arctic – eit samarbeidsprosjekt mellom 60 medlemsinstitusjonar i Canada, Alaska, Russland, Island, Grønland og Finland. Dette vert no balansert med eit samarbeid med Sør, innanfor ramma av NORADs stipendprogram. Ved Universitetet i Tromsø vil nok eit nytt NORAD-kurs årleg kunne tilby fem studentar frå Sør ein *Master in Indigenous Studies*. Her vil samiske og norske studentar saman med studentar frå Sør få betre forståing for rettane til urfolk og for dei internasjonale rammevilkåra, konvensjonane og avtalane som regulerer forholdet deira til majoritetsfolket i dei ulike landa.

– Det er gledeleg at fem studentar frå Sør kvart år på denne måten kjem til Nord og skaffar seg komparativ innsikt i urfolk

sine rettar og livsvilkår, seier Ole Henrik Magga, leiar av FN's permanente forum for urfolk.

Afghanistan er i 2003 definert av NORAD som nytt samarbeidsland. I stipendprogrammet må vi erkjenne at eit traumatisert og krigsherja land som Afghanistan, har særskilde rammevilkår og treng spesiell tilrettelegging. I forlenginga av stipendprogrammet vil vi ha dette i tankane når vi drøfter ramme og innhald i programmet.

Jordbruk i Dibarwa-regionen i det sørlege Eritrea. Biletet er teken under datainnsamling til eit PhD-studie i jordbruk- og ressursøkonomi ved Norges Landbrukshøgskole. (Foto: Mahari Tikabo)

NLH-student vil betre landbruket i Eritrea

– Trade, not aid, ropar mange som synest at velstandsgapet mellom Sør og Nord berre vert større og større. Dei tykkjer at tiår med bistand til utvikling i Sør, har vore til inga nytte. NORADs stipendprogram vil bidra både med bistand og med hjelp til sjølvhjelp innanfor det internasjonale handelsnettverket.

Mengisteab Buru Chokie frå Eritrea tek mastergradsprogrammet *Development and Resource Economics* ved Norges Landbrukshøgskole. Programmet utdannar økonomar som ønskjer å nytte kunnskap frå ressurs-, miljø-, landbruks- og utviklingsøkonomiske fagdisiplinar. – Eritrea eksporterer produkt og varer som bomull, lær, salt og fisk, men utgiftene til import er langt større enn inntektene frå eksport. Vi gjer det på langt nær så bra som vi burde. Vi har høve til å produsere meir, men eit vilkår er at vi får betre

tilgang til den internasjonale marknaden for fleire av landbruksproduktene våre. Det vil setje fart på økonomien, meiner Chokie.

Mengisteab trivst i Noreg, sjølv om han synest norsk mat, snø og det at nordmenn sjeldan helsar, er rare trekk ved det norske samfunnet.

Mastergradsavhandlinga hans er ein mikroøkonomisk analyse av produktiviteten i landbruket i Eritrea. – Eg vil mellom anna analysere dei langvarige flaskehalsane i sektoren og faktorane som påverkar produktiviteten i landbruket, forklarar Mengisteab Buru Chokie.



Mengisteab Buru Chokie på veg ut i skibakken under SIUs årlege Vinterseminar for studentar i NORADs stipendprogram på Gausdal i 2003. (Foto: Teresa Grøtan, SIU)



NORAD Stipendprogram

Online info: www.siu.no/fellows

Innhald: Stipendprogram på mastergradsnivå ved norske institusjonar for studentar frå land i Sør.

Føremål: NORAD Stipendprogram er bygd på ein visjon om at gode utdanningstilhøve ved norske universitet og høgskular, kan medverke til auka kompetanse i Sør. Dei fleste studia er i Noreg og varer i to år og vert rekna for å halde høg akademisk standard. Studia er ein del av dei vanlege internasjonale programma ved institusjonane, og dei finst innan dei fleste fagområda.

Avtalepartner: NORAD

Programperiode: 2001-2005

Deltakarland: 30

Studentar: Totalt 197 studentar var i 2003 inne i programmet, kor av 93 var nye i 2003

Budsjett: MNOK 52,5 årleg + NOK 4 032 156 årleg for kurs i Sør

Musikalsk brubygging

Korleis kan ein sameine det tradisjonelle og det moderne i musikkutdanninga? Dette er eit sentralt spørsmål i samarbeidsprosjektet "Building Bridges" i regi av fakultet for kunstfag ved Høgskolen i Agder og Dhow Countries Music Academy på Zanzibar i Tanzania.

Prosjektleiar er høgskolelektor ved Høgskolen i Agder, Tormod W. Anundsen. Seinhaustes 2003 blei den første workshopen i prosjektet arrangert på Zanzibar, og Anundsen fortel her frå møtet mellom norske musikkpedagogar og kollegaer og studentar på Zanzibar:

I prosjektet "Building bridges between the tradition and the contemporary in music education", blir det sett fokus på korleis vi kan forankre musikkutdanninga i lokale tradisjonar - utan nødvendigvis å halde den moderne musikkverda på avstand. Den må vi forhalde oss til, anten vi er vestlege musikkpedagogar eller utøvarar av tradisjonsmusikk.

Den første workshopen ville begynne heilt frå starten: Korleis underviser vi i musikk for barn? Korleis kan vi skape ei musikkundervisning som er basert på lokale tradisjonar – samstundes som vi er i eit moderne utdanningssystem?

Ein av dei norske deltakarane utfordra sine kollegaer på Zanzibar til å sjå på korleis musikken blir ført vidare frå ein generasjon til den neste på øya, når dei byggjer si eiga musikkutdanning: "Eg synest de ser litt for mykje på korleis musikkutdanning er i Vesten og for lite på korleis musikkutdanninga burde vere her, ut frå korleis musikken vert formidla frå ein generasjon til den neste".

Kva som er nødvendig i musikkundervisning for barn, blei heftig debattert under workshopen. Treng vi notar og piano - eller er andre ting viktigare? Kva tyder egentleg "musikkutdanning" når musikken du spelar har røter rundt heile Det indiske havet - i aust-afrikansk musikk, arabisk og persisk, indisk musikk og kanskje litt indonesisk? Og er ikkje musikkutdanning noko anna enn slik det tradisjonelt vert gjort her på Zanzibar – nemleg at ein heng ved scenekanten og i dei tradisjonsrike musikkklubbane til ein er gamal nok til å få prøve seg?

Kheri Mohamed Kombo, perkusjonslærer på Dhow Countries Music Academy: "Eg begynte å spele trommer som barn. På blikkboksar. Eg ville lære av musikarane, men fekk ikkje lov. Eg hang alltid etter dei, sat på scenekanten når dei opptredde og bar instrumenta for dei. Men eg fekk aldri lov til å spele. Heilt til ein blei sjuk rett før ein konsert. 'OK – skal vi avlyse, eller la den vesle prøve seg?' Sidan har eg spelt. Eg har aldri hatt ein lærar. No har eg mine egne studentar på skolen og lærer dei sånn som eg sjølv har lært – ved å lytte og herme".

"Korleis underviser vi born i musikk?" var eit av tema som deltakarene i prosjektet "Building Bridges" diskuterte under deira første workshop på Zanzibar i 2003. (Foto: Tormod W. Anundsen)

I løpet av workshopen begynte deltakarane å teikne eit riss av kva som kan vere metodar og innfallsvinklar for å skape ein lokal utdanningstradisjon. Mellom anna dei musikalske byggjeklossane *imitasjon*, *"call and response"* og *improvisasjon*. Og ei integrering av ulike kulturelle uttrykksformer i undervisninga – slik dei opptrer i tradisjonane. I oppfølginga av workshopen vil det bli samla inn barnesongar på Swahili for å lage ei lokal songbok med CD – eit innsamlingsarbeid som i seg sjølv er medvitsskapande for dei som vil kvalifisere seg som musikk lærarar og dei som allereie er det.

Gjennom prosjektet "Building Bridges" ønskjer vi å bygge opp ei formell musikkutdanning på Zanzibar og la impulsane frå dette arbeidet styrkje utdanninga i Noreg. Eit viktig perspektiv i samarbeidet er å utvide den kulturelle horisonten for å kunne stille kritiske spørsmål om kva det er musikkutdanningsinstitusjonar djupast sett held på med.



NORDPLUS

Fem år med forbetring

2003 var det siste året SIU administrerte NORDPLUS, ein administrasjon som har gitt programmet ei rekkje endringar og forbetringar.

Heilt frå starten seinhaustes 1998 innførte SIU eit elektronisk administrativt system og eit system som kunne ta imot søknader direkte på nettet. Dette verktøyet blei snøgt akseptert av brukarane og viste seg å verte ein suksess, både på grunn av den brukarvenlege strukturen og fordi SIU no kunne levere statistikk for ulike føremål endå raskare.

Berebelken i programmet er det tette nettverkssamarbeidet mellom nordiske institusjonar innanfor høgre utdanning. Eit av måla for SIU har vore å styrkje dette samarbeidet både administrativt og ved å tilpasse det til akademiske behov. Nettverka

har såleis vore hjelpt frå idfase til å verte eit viktig bidrag til ein sterkare nordisk utdanningsfelleskap.


SIU har stendig prøvt å betre kvaliteten på søknadene, ikkje berre gjennom eit effektivt styringsverktøy, men også ved hjelp av betre rettleiing til søkjarane med omsyn til deira målsetjingar, aktivitetar og forventa resultat. Som følgje av dette har kvaliteten på søknadene aldri vore så høg som i 2003, heller ikkje deltakinga i programmet. Gjennom fem år med SIU har partnartalet i programmet auka med over 20 prosent, og nedgangen i studentmobilitet, som er så tydeleg i mange andre program, har stoppa opp. Samstundes steig lærarmobiliteten, også i 2003, meir enn 11 prosent i løpet av dei siste fire åra. I tillegg til dette gjekk talet på søknader opp igjen i 2003, etter fire år med nedgang.

Ubrukte midlar i nettverka har alltid vore eit viktig spørsmål for programmet. SIU har tatt dette alvorleg og medverka til å gjere dette problemet mykje mindre. Rapportane frå 2002-fristen, som blei lagde inn på SIUs nettstad i november 2003, viser ein sterk

auke i forbruket frå 24 millionar norske kroner i 2001 til 31 millionar i 2002.

Ein av grunnane til denne utviklinga er den tette rettleiinga og den viktige informasjonen som nettverka har fått før fristane for søknader og rapportar. SIU har alltid lagt vekt på dette som ein av hovuddelane i administrasjonen av programmet, til dømes ved nyhendebrev og informasjon på SIUs nettstad, til liks med direkte kontakt over telefon og gjennom e-post. SIU har også vore til stades på ei rekkje nettverksseminar og -møte for informasjon og kontakt.

Handbøker for søkjarane på fire språk, islandsk, finsk, norsk og svensk, har vore eit viktig bidrag til desse informasjons-tenestene, som også omfattar all grunnleggjande og nødvendig bakgrunnsmateriale for einkvar søkjar på programmet. Til slutt skal vi også nemne at SIUs nettstad har vist seg å vere ei verdfull kjelde i nordiske spørsmål for nasjonale utdannings- og opplæringskontor.



NORDMÅL

Kvalitetsauke på programadministrasjonen

SIU har administrert språkprogrammet Nordmål på vegner av Nordisk Ministerråd sidan 2001. 2003 var siste år med SIUs administrasjon av programmet, som er flytta til IKU ved Islands Universitet frå og med 1. januar 2004.

Fram til 2001 var søkjarane til programmet mykje dei same år etter år. Men betre kjennskap til og kunnskap om programmet blei oppnådd gjennom SIUs nettstad med eigen heimeside for programmet, faste

søknads- og rapporterings-fristar, eit elektronisk styringsverktøy og annonsering i nordisk presse og fagtidsskrift før 2003-fristen. Resultatet var forbløffande: Talet på søknader hadde stige monaleg under SIUs administrasjon, men dobla seg i 2003, og mange av søkjarane var nykomarar til programmet. Det elektroniske søknads-systemet tvang søkjarane å bruke same mal og gjorde det dermed lettare for SIU å samanlikne søknader, gi Den språkpolitiske referansegruppa betre grunnlag for avgjerd og forsyna Nordisk Ministerråd med høveleg statistisk materiale.

Totalt 31 søknader kom inn til programadministrasjonen i 2003. Av desse fekk 21 ei tildeling på i alt 3 955 273 norske kroner. Den største tildelinga var på 850 000. SIU er stolt over å kunne overlevere eit betre program til den nye administrasjonen.

NORDMÅL Forum er ein årleg konferanse som skal vidareutvikle nordisk språksamarbeid. I 2003 var konferansen lagt Göteborg, og føremålet var å drøfte framtida til den nye generasjonen av Nordmål, som frå 1. januar 2004 heiter Nordplus Språk. 60 vitskapsmenn og -kvinner, politikarar og avgjerdstakarar var til stades på konferansen, som blei arrangert av SIU.

Ernæring, frukttre og politiske val - forskingssamarbeid med Malawi

Den norske ambassaden i Malawi finansierer tre nye, unike forskingsprosjekt i NUFU-porteføljen.

- Kor mange barn har du, og kor gamle er dei? spør Ammidu Mpingu høvding Frank Chimeta.

- Eg har seks barn. Fire av dei er døde, svarer Chimeta.

Samtalen går føre seg i den avsidesliggjande landsbyen Mdoka midt i Malawi. Mpingu er med i ei gruppe forskingsassistenter som snakkar yao,

det lokale språket i området. Han og kollegaene hans dekkjer heile distriktet og stiller kvart einaste hushald dei same spørsmåla om familierelasjonar, helse og ernæring.

Drama og landbruk

Spørjeskjemaet som Mpingu fyller ut, er ein viktig del av Lungwena-prosjektet, eit nystarta forskingssamarbeid mellom Universitetet i Oslo, de fem fakulteta ved Universitetet i Malawi og Norges landbruks-høgskole. Dette er eit einestående samarbeid fordi det involverer mange studentar og forskarar frå Noreg og Malawi innanfor så ulike felt som drama, landbruk, kjønnsforskning og medisin.

Men det er også einestående på ein annan måte – det er første gong i NUFUs historie ein norsk ambassade tar initiativ til og finansierer NUFU-prosjekt. I alt har Den norske ambassaden i Malawi løyvd nærare 15 millionar kroner til tre ulike forskingsprosjekt.

- Desse prosjekta gir arbeidet vårt ein akademisk dimensjon. Vi reknar prosjekta administrert gjennom NUFU-programmet for å vere god bruk av bistandsmidlar. Dei utfyller dei meir tradisjonelle prosjekta vi driv, fortel ambassaderåd Kristin Sverdrup.

Rektor ved University of Malawi, professor David Rubadiri, og prorektor professor Leonard A. Kamwanja ved universitetets administrasjonsbygg i Zomba.
(Foto: Teresa Grøtan, SIU)

Paragraf 2.2

Gjennom paragraf 2.2 i NUFU-avtalen har norske styremakter høve til å finansiere forskingsprosjekt. Sverdrup håper at dei tre prosjekta vil styrkje det generelle samarbeidet med Malawi.

- Desse prosjekta kan fungere som tilskot innanfor felt som helse og godt styresett på ein måte det tidlegare har vore vanskeleg å få til, meiner Sverdrup.

Det andre prosjektet involverer Christian Michelsens Institutt (CMI), Centre for Social Research (CSR) ved Universitetet i Malawi og Institutt for samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

Prosjektet tar føre seg demokratiengrepet sett i høve til valet i Malawi i mai 2004. Forskingsdirektør på CSR og koordinator i Malawi, Wycliff Chilowa, tok doktorgraden sin ved CMI for nokre år tilbake. Denne gongen er det førelesar Nixon Khembo som skal ta doktorgraden på CMI. Khembo studerer politiske parti og sjølve valet og vil samle alle data til doktorgradsarbeidet i løpet av valperioden før han reiser til Noreg.

- Dette er den første store undersøkinga nokon gong av Malawis demokratiske institusjonar, seier Khembo.

Berekraftig landbruk

Det tredje prosjektet, som er innanfor bioteknologi, er eit samarbeid mellom Bunda College ved Universitetet i Malawi, Norges landbruks-høgskole og Universitetet i Oslo. Målet er å ta vare på og utvikle bruken av to malawiske frukttre til mat og ernæring og auke det sosioøkonomiske verdigrunlaget. To mastergradstudentar og to doktorgradstudentar er involverte i forskinga. Prosjektet er svært populært blant studentane ved universitetet.

- Vi fekk inn meir enn 200 søknader til dei fire stipenda!, fortel professor og koordinator ved Bunda College, Moses Kwapata.

Ambassaderåd Kristin Sverdrup ved den norske ambassaden i Malawi meiner at NUFU-samarbeidet er ein effektiv bruk av bistandsmidlar. (Foto: Teresa Grøtan, SIU)



NUFU

(Nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning)

Online info: www.siu.no/nufu

Innhald: Utviklingsrelatert forskning- og utdanningssamarbeid

Føremål: NUFU-programmet skal medverke til kompetansebygging i utviklingsland gjennom likeverdig og langvarig forskings- og utdanningssamarbeid mellom akademiske institusjonar i Sør og i Noreg.

Avtaleperiode: 2001-2005

Avtalepartnarar: NORAD og UHR

Budsjett: 300 millionar kroner i perioden 2001-2005

Samarbeidsprosjekt: 63 per 2003

Deltakande institusjonar: 28 i Sør (18 land) og 10 i Noreg

I tillegg er det etablert tre særskilde avtalar etter §2.2 i NUFU-avtalen. Styringsystemet og prinsippa som gjeld for NUFU-avtalen, er tatt i bruk for samarbeid med Sør-Afrika (to prosjekt), Palestina (tre prosjekt) og Malawi (tre prosjekt). Budsjett for desse tre avtalane er på MNOK 29,5 i perioden 2002-2006.



2003: Eit innleiingsår

På mange måtar var 2003 eit innleiingsår for Samarbeidsprogramma med Russland og kandidatlanda til EU ettersom mange av prosjekta som fekk tildeling i 2002, starta dette året. Men Samarbeidsprogrammet med Russland kunne vise til viktige resultat for institusjonssamarbeid innanfor høgre utdanning så tidleg som i 2003, det same året Russland formelt gjekk med i Bologna-prosessen. Samarbeidsprogrammet med Sør-aust-Europa var midt i ein programperiode i 2003 med forventa resultat først i 2004.

Samarbeidsprogramma med Russland og kandidatlanda til EU skriv seg frå eitt program, Samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa, som var verksamt mellom 1997 og 2001, og somme av prosjekta i noverande programperiode er framhald frå denne første perioden. Samarbeidsprogrammet med Sør-aust-Europa var nytt i 2000. Av eit totaltal på 148 søknader på dei tre programma i løpet av åra 2000-2003, fekk 47 tildeling. Det er positivt å merke seg at norske høgskular er tungt inne i dei tre programma og at dei aktivt søker institusjonssamarbeid med land i Aust-Europa.

Bilateralt samarbeid på Balkan – ein positiv sideeffekt

I Samarbeidsprogrammet med Sør-Aust-Europa, som inkluderer Serbia-Montenegro, Kroatia, Bosnia-Herzegovina, Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia (FYROM) og Albania, inneheld nokre av prosjekta samarbeid mellom institusjonar i statar der det nyleg var sivil og militær uro. Eit døme er to ulike samarbeidsprosjekt mellom Norges tekniske universitet (NTNU) og Universitetet i Beograd i Serbia, og mellom Institutt for energi-teknikk i Noreg og Universitetet i Zagreb i Kroatia der eit miljø for bilateralt samarbeid har oppstått mellom dei to balkanuniversiteta innanfor ramma av desse prosjekta.

I 2003 avla programstyret eit institusjonsbesøk til Serbia-Montenegro, Kroatia og Bosnia-Herzegovina, der hovudbodskapen var at prosjekta no fungerer godt etter nokre startproblem, som i hovudsak skreiv seg frå strukturelle ulikskapar mellom institusjonane på Balkan og i Noreg. Ein ventar at hovudtyngda av resultatane på programma kjem i 2004, med etterfølgjande evalueringar og rapportar.

Samarbeidsprogrammet med kandidatlanda til EU

Dette programmet siktar mot å spreie informasjon om Noreg og Noregs forhold til EU i kandidatlanda. Det har også vore ei hovudmålsetjing for programmet å etablere grunnlaget for eit samarbeid som kan halde fram når kandidatlanda går inn i EU som fulle medlemmar i 2004.

I 2003 kom ni prosjekt som spenner over ein treårsperiode inn i programmet. Ei av prioriteringane i noverande programperiode har vore å fokusere på færre, men meir synlege prosjekt i ulike regionar. Den baltiske regionen har dei tre største prosjekta når det gjeld tildeling:

- Høgskolen i Agder samarbeider med Universitetet i Latvia om eit Ph.D.-program for seks studentar på berekraftige reformer i høgre utdanning
- Høgskolen i Buskerud samarbeider også med Latvia (Riga tekniske universitet og Riga Business School) om eit masterprogram på innovasjon og foretaksemd
- Høgskulen i Telemark samarbeider om miljøvern (ENLINO) med Universitetet i Vilnius og Vytautas Magnus universitetet, begge i Litauen

Russisk-norsk samarbeid i lys av Bologna-prosessen

I september 2003 blei Russland formelt medlem i Bologna-prosessen. Men norske institusjonar har utvikla samarbeid med russiske institusjonar i fleire år, basert på mange av dei grunnleggjande pilarane i Bologna-prosessen.

Same veke som Russland formelt slutta seg til Bologna-prosessen, organiserte SIU ein konferanse i St. Petersburg under tittelen "International business administration education and the Bologna process: Russian-Norwegian cooperation". Utdannings- og forskningsdepartementet i Noreg (UFD) hadde tatt initiativet til konferansen, som drøfta korleis ein best kan oppnå likeverdig utdannings- og forskingsstandard for heile det europeiske samfunnet.

På konferansen peikte den russiske viseutdanningsministeren Leonid S. Grebnev på at variasjonen i dei europeiske utdanningssystema må halde fram, også i Bologna-prosessen. Statssekretær i det norske utdannings- og forskningsdepartementet Bjørn Haugstad sa i talen sin til konferansen at den norske regjeringa vil halde fram med å sjå på ulike

samarbeidsformer med Russland innan høgare utdanning, og at Noreg er klar til å gå inn som partner i arbeidet med å revitalisere det russiske utdanningssystemet.

10-årsjubileum for Norman-prosjektet

I 2003 kunne Norman-prosjektet sjå tilbake på 10 års vellykka samarbeid. Prosjektet er eit samarbeid i økonomiutdanning mellom Høgskulen i Telemark og Novgorod Statsuniversitet, basert på prinsippa i Bologna-erklæringa. Norman-prosjektet er finansiert gjennom Samarbeidsprogrammet med Russland, og så langt har meir enn 70 studentar fullført bachelor-graden sin gjennom programmet. For russiske studentar har prosjektet vore svært nyttig fordi dei har fått graden sin frå ein norsk institusjon, noko som gjer det lettare å få godkjent graden i resten av Europa.

- Vi ser at kurset blir stadig meir populært for russiske studentar, seier amanuensis Frode Lieungh ved Høgskulen i Telemark som er prosjektleiar og har vore med sidan starten.

- I 2003 hadde vi meir enn 500 søkjarar på 40 ledige plassar. Og vi ser at dei uteksaminerte studentane er svært populære for det lokale næringslivet i Novgorod-området,

seier han. Lieungh er også glad for å kunne fortelje at dei no har blitt merksame på prosjektet utafor Novgorod og at hans russiske kollega på Novgorod Statsuniversitet, viserektor Valery N. Zelenin, er invitert til Moskva for å orientere russiske styremakter om innhald og struktur i prosjektet.

- Det er tydeleg at russiske styremakter no seriøst ser på grunnlaget for Bologna-prosessen, påpeiker Lieungh.

- Men det er sterke krefter i det russiske utdanningssystemet som er imot innføring av prinsippa i Bologna-prosessen, og eg trur det vil ta enno ei tid å overvinna denne skepsisen.

Sentral- og Aust-Europa-programma:

Online info: www.siu.no/east

Namn: Samarbeidsprogrammet med kandidatlanda til EU, Samarbeidsprogrammet med Russland, Samarbeidsprogrammet med Sør-aust-Europa

Innhald: Forskings- og utdanningssamarbeid

Føremål: Dei tre programma skal medverke til utvikling i dei aktuelle områda for å sikre ei demokratisk og økonomisk berekraftig utvikling. Dette skal skje gjennom attreising av høgare utdanning og forskning i områda i eit samarbeid mellom universitets- og akademiske institusjonar i områda og korresponderande institusjonar i Noreg. Programma er i samarbeid med Norges forskningsråd.

Avtalepartner: Utanriksdepartementet

Periode:
Sør-aust-Europa: 2000–2004
Kandidatlanda til EU: 2002–2005
Russland: 2002–2006.

Budsjett: Til saman om lag MNOK 35 årleg

Prosjekt 2003: Totalt 47 (åtte nye i 2003) pågåande prosjekt i 16 land.



I september 2003 var St. Petersburg vertskap for SIU-konferansen relatert til Bologna-prosessen. Her frå "Dvortsovyi Most" (Slottsbrua) over til universitetsområdet på Vasiliev-øya. (Foto: Larissa Sosnovskaya)

Nettverk for kulturforståing og integrering

Utdanningssektoren manglar kompetanse på migrasjon og interkulturelle relasjonar. Slik kompetanse er ein styrke i arbeidet med å integrere born frå andre kulturar. Dette er utgangspunktet for eit europeisk nettverk med base på Høgskolen i Stavanger (HiS), som skapar rom for utveksling av røynsler, spreing av gode eksempel og informasjon om kunnskapsbasar.

– Dette er eit nettverk av prosjekt og prosjektidear, fortel førsteamanuensis Dan Dyrli Daatland ved HiS.

Nettverket er grunnlagt på nasjonalt organiserte arbeidsgrupper i ni europeiske land som er sett saman av lokale skolar, lærarutdanningsinstitusjonar og forskingsbasert ekspertise på migrasjon og interkulturelle forhold. Gruppene har òg samarbeid med sine eigne utdanningsstyresmakter.

På tvers av desse arbeidsgruppene freistar ein å etablere fleirnasjonale prosjektgrupper som involverer både skolar, lærarutdanning og forskingsmiljø. Nettverket arrangerer kontaktseminar for å hjelpe til i dette arbeidet. Slike seminar er opne for andre institusjonar som er interesserte i emnet, og dei kan få støtte av sine nasjonale Sokrateskontor. Nettverket ønskjer òg å ha kontakt med eksisterande Comenius-prosjekt innan same emne, og med institusjonar som

tidlegare har delteke i slikt arbeid og som vil dele røynslene sine med andre.

Utviklar masterprogram og etterutdanningskurs

– Vi byrjar å sjå eit system av kurs, utdanning og utviklingsarbeid som involverer mange av dei same partnarane. Dette gjer det meir meningsfullt å snakke om studentmobilitet og utveksling av lærarar og forskarar gjennom Erasmus og Comenius, seier Daatland.

Nettverket har fått støtte til eit felles pensumutviklingsprosjekt i Erasmus som vonleg kan resultere i eit sams masterprogram i migrasjon. Nettverket har òg i fleire år halde

etterutdanningskurs for lærarar i samarbeid med partnarinstitusjonar utanlands. I dette skoleåret vert det ved høgskolen gitt tilbod i både allmennlærerutdanning og i BA-programmet i historie og kultur og til utanlandske studentar.

I den norske delen av nettverket deltek høgskolen, ein ungdomsskole, to vidaregåande skular, eit læringscenter for innvandrarar og Det norske utvandrersenteret. Det er god kontakt med både Læringscenteret og Utdanningskontoret i Rogaland. Miljøet for migrasjonsforskning ved Høgskolen i Stavanger er koordinator for nettverket.

Born med ein fleikulturell bakgrunn på ein barneskole i Oslo. (Foto: Lise Åserud, NTB)



SIU får applaus for drifta av Sokrates

I eit år som var prega av høgt arbeidstempo var det gledeleg for dei tilsette at Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU), leverte ei svært positiv evaluering av SIUs drift av Sokrates-programmet. Utdannings- og forskingsdepartementet sette i verk evalueringa av dei to programoperatørane SIU og Teknologisk institutt (TI), i samband med Europakommisjonen si midtvegevaluering av dei to programma Sokrates og Leonardo da Vinci. Tema for dei to evalueringane var til ein viss grad overlappende, og NIFU gjennomførde begge. Programevalueringa vart gjort etter ein detaljert mal frå Kommisjonen.

NIFU konkluderer med at SIU har makta rolla som omsetjar, promotør og bufferorganisasjon svært godt, gjennom å spreie informasjon, hjelpe institusjonar og miljø til å søkje og delta i programmet, finne partnarar og assistere dei i rapportering av økonomi og resultat. SIU får spesielt lovord for informasjonsarbeidet, både kontaktnetta, den personlege brukarkontakten, resultatformidlinga, dei trykte publikasjonane og utviklinga av elektronisk baserte informasjons tjenester, der NIFU meiner at SIU har gjort eit monaleg pionerarbeid. Brukarane som vart intervjua i samband med evalueringa, seier seg svært nøgde med rådgjevinga og informasjonen dei har fått, og dei karakteriserer SIU som eit brukarvenleg nasjonalkontor. SIU fekk òg ros for å halde låge administrasjonsutgifter.

Programevalueringa tek for seg dei grunnleggjande målsettingene for Sokrates-programmet og vurderer i kva grad desse vert oppfylte. NIFU slår fast at Sokrates har

hatt mykje å seie for norsk deltaking i europeisk samarbeid om utdanning. Oppslutninga om programmet er god, og SIU får ros for å ha gjort Grundtvig godt kjent blant dei mange aktuelle målgruppene kort tid etter lanseringa. NIFU meiner nasjonalkontora bør stimulere til fleire søknader til sentraliserte prosjekt, sjølv om talet på norske koordinatorar er akseptabelt for Sokrates.

Utfordringane til SIU er, etter NIFU si mening, mellom anna å syte for ei betre geografisk fordeling av midlane i programmet og å utvikle betre relasjonar til utdanningsaktørar i arbeidslivet og på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. SIU vert samstundes oppfordra til å involvere dei statlege høgskulane meir i internasjonalt arbeid. Dette arbeidet er sett i gang gjennom besøk til institusjonane, årlege konferansar og ein eigen kursserie.

SIU har i året som gjekk sett i verk tiltak for å oppmuntre til fleire norske søknader til større europeiske prosjekt i Sokrates. I mai vart det halde søkjarseminar i Bergen for dei sentraliserte delane av Comenius, Grundtvig, Lingua og Minerva. I 2003 fekk eit norsk-koordinert Lingua-prosjekt grønt lys av EU-kommisjonen, noko vi er nøgde med ettersom det berre vart gitt støtte til 20 prosjekt totalt i Europa. I Noreg registrerer vi samstundes at det er aukande interesse for å koordinere Minerva-prosjekt. Den positive utviklinga frå 2002 har halde fram, og i 2003 var kvaliteten på dei norsk-koordinerte søknadene høgare enn året før. Søknadsrunden resulterte berre i eitt norsk-koordinert prosjekt, men konkurransen i

Minerva er nesten like hard som i Lingua. I 2002 vart det gitt klarsignal for 30 av 297 søknader, medan det hausten 2003 kom inn så mange som 340 søknader. På sikt vonar SIU at vi likevel kan vere med å drive fram fleire norsk-koordinerte Minerva-prosjekt i året. Det vert gjort framstøt mot aktuelle miljø, i tillegg til at det er oppretta nærare kontakt mellom SIU og SOFF med tanke på å informere alle kontaktpersonane ved dei høgare utdanningsinstitusjonane om Minerva.

Arion er framleis ein stor suksess i Noreg. Det er stor interesse for programmet i dei fleste europeiske landa, men i Noreg er det i tillegg svært få som trekkjer seg etter at dei har arbeidd aktivt med å invitere norske utdanningsinstitusjonar til å utvikle Arion-kurs, og dei norske kursa har fått ord på seg for å vere av høg kvalitet. Det var ei ekstra fjør i hatten for SIU at Arion-ansvarleg Arne Aarseth vart invitert som "keynote speaker" til 25-årsjubileet for programmet i Athen i februar.

I 2007 kjem ein ny generasjon europeiske program, og skal ein dømmе etter signala frå Brussel, vert truleg Sokrates og Leonardo slått saman til eitt stort program. SIU er mellom dei som har levert innspel til Kommisjonen om korleis dei framtidige programma bør sjå ut.

Arion

Hovudmålet med Arion-tiltaket er å stimulere til utveksling av informasjon om og idear og erfaring med utdanningssystema i dei europeiske landa gjennom studiereiser der tema er lagde innanfor bestemte undervisningsområde.

Løyving 2003: NOK 343,000

Online info: www.siu.no/arion

Comenius

Comenius har som mål å heve kvaliteten på og å styrke den europeiske dimensjonen i opplæringa. Det skjer ved å legge til rette for fleirnasjonalt skolesamarbeid (Comenius 1), institusjonssamarbeid (Comenius 2.1), nettverkssamarbeid (Comenius 3) og grunn- og etterutdanning for studenter og undervisningspersonell (Comenius 2.2). Språkopplæring og tiltak som fremjar tverrkulturell forståing, er overordna mål.

Løyving 2003: MNOK 11,7

Online info: www.siu.no/comenius

Erasmus

Etableringa av Erasmus i 1987 var ei banebrytande hending for høgare utdanning i Europa. Utvekslingsprogrammet skulle gjere det mogleg for studentar å ta ein del av utdanninga si i eit anna europeisk land utan å tape tid. Utvekslinga foregår mellom institusjonar som har inngått avtaler seg imellom og ofte er utvekslinga ein del av eit større fagleg samarbeid.

Løyving: MNOK 15,7

Online info: www.siu.no/erasmus

Grundtvig

Grundtvig omfattar vaksenopplæring forstått i vidaste forstand. Grundtvig vil legge til rette for at institusjonar og organisasjonar frå ulike europeiske land kan utveksle kunnskap og erfaringar og i samarbeid skape produkt som kjem vaksenopplæringsfeltet til gode.

Løyving 2003: MNOK 2,3

Online info: www.siu.no/grundtvig

Lingua

Lingua er delt i to. Den første delen, Lingua 1, skal ha som mål å driva fram språkopplæring, stø mangfaldet av språk innanfor unionen og oppmuntra tiltak for høgare kvalitet i undervisningsstruktur og undervisningssystem. Lingua 2 skal særleg hjelpe til med å heve standarden i språkopplæring ved å syte for tilstrekkeleg undervisningsmaterieill og -reiskapar, men også oppmuntra til utvikling av nye reiskapar for språkopplæringa.

Løyving 2003: Sentrale løyvingar via Sokrates-programmet

Online info: www.siu.no/lingua

Minerva

Minerva skal bidra til ei betre forståing av IKT i undervisning og fjernundervisning, og sikre at det teke pedagogiske omsyn ved utvikling av IKT- og multimedia-baserte utdanningsprodukt og -tenester. Minerva skal og fremme tilgang til et breitt spekter av utdanningsressursar og dømer på god bruk av fjernundervisning og IKT.

Løyving 2003: Sentrale løyvingar via Sokrates-programmet

Online info: www.siu.no/minerva

Von om meir deltaking i store Grundtvig-prosjekt

Grundtvig støttar europeiske samarbeidsprosjekt innan vaksne si læring. I 2003 har SIU satsa tyngre på å drive fram norske søknader til større prosjekt innan dette programmet. Dei sentraliserte delane av Grundtvig vert sett på som strategisk viktige, fordi store nettverk ofte spelar ei sentral rolle i å utvikle mindre prosjekt og dermed hamnar i ein nøkkelposisjon. Eitt av tiltaka SIU gjennomførte for å oppmuntre til breiare norsk deltaking, var å invitere aktuelle miljø til eit søkjarseminar i Bergen i mai. Resultatet er fleire søknader enn tidlegare år, og SIU har grunn til å tru at

nokre av desse vil bli aksepterte av Europakommisjonen.

Det tek tid å nå ut til institusjonane og oppmuntre desse til å utvikle prosjektidear og skrive søknader, og det er ikkje til å leggje skjul på at innsatsen frå SIU for å få fleire sentraliserte prosjekt, samstundes har ført til færre initiativ når det gjeld dei mindre prosjekta. Det var ein liten nedgang i talet på norske deltakarar på kontaktseminar i 2003. Samstundes er det gjeve støtte til ei rad læringspartnarskap, der eit av måla er å involvere brukarane,

det vil som oftast seie elevane i undervisningssituasjonen. SIU ønskjer å framheve verdien av slike prosjekt, der samarbeidsprosessen er viktigare enn sjølv sluttproduktet.



Grundtvig støttar samarbeid mellom institusjonar som legg til rette for vaksneopplæring. (Illustrasjonsfoto: SIU)

Comenius set spor i den norske skulen

SIU publiserte i 2003 den tredje spørjeundersøkinga om kva verknad deltaking i Comenius har på skulane. Medan den første undersøkinga handla om røynsler med europeiske prosjekt og den andre om bruk av framandspråk i prosjekta, tok den tredje for seg i kva grad skulen ønskjer å halde fram med prosjekt når Comenius-støtta tek slutt. Dei fleste skulane oppgir at pengemangel er den største hindringa mot å fortsetje samarbeidet.

Tildelingane i 2003 auka med 14 prosent per prosjekt, hovudsakleg fordi lærarar reiser stadig meir i samband med prosjekta. Skulane kan få reisestøtte til seks personar, og i snitt er det no fem som reiser per skule, noko som viser at ein set stor pris på denne delen av skulesamarbeidet.

SIU rekrutterer mange nye skular til Comenius gjennom kontaktseminar, og for å sikre ei jamnare geografisk deltaking vert særleg skular i underrepresenterte fylke

bedne. I 2003 deltok 79 norske skular på kontaktseminar og førebunde besøk i 18 land. SIU skipa sjølv til kontaktseminar, eitt i Haugesund og eitt i Molde.


I 2002 starta SIU ein kampanje for å gjere ordninga med Comenius språkassistent betre kjend for norske studentar. Ei tredobling av talet på søknader fortel oss at dette var ein suksess. Medan det året før berre vart utplassert nokre få norske assistentar, har SIU i dette skuleåret fylt kvoten og sendt ut 15 språkassistentar til åtte EU-land.

Midlane som er sett av til mobilitet for lærarstudentar, vart òg for første gong nytta. Fire studentar vart sende til lærarutdanningsinstitusjonar i Italia og Slovenia. Dette er ein forsiktig start på eit program med stort potensial.

Når det gjeld etterutdanningsstipend til framandspråklærarar, er situasjonen

mørkare. Sjølv gjentekne forsøk på å nå ut til denne målgruppa har ikkje ført fram, slik at det har vore midlar att. SIU tek no initiativ for å rekruttere fleire til ordninga.

Mobilitet i Comenius 1. Skulepartnarskap. År/Tal på deltakarar



Auka aktivitet i Erasmus

Etter ein periode med nedgang i talet på Erasmus-studentar, ser trenden no ut til å ha snudd. Samanlikna med året før var det i studieåret 2002/2003 ein auke på fire prosent i talet på utreisande studentar, medan så mange som ti prosent fleire europeiske studentar fann vegen til Noreg. Det ser dermed ut til at SIU sine tiltak dei siste åra for å få tala opp, endeleg har lukkast. I 2001 sette SIU i verk ein kampanje for å gjere studentar i utlandet merksame på Noreg som studieland ("Study Norway"), der vi mellom anna sende Erasmus-studentar attende til heimlandet sitt med ein informasjonspakke om Noreg. Dei siste åra har SIU òg nytta ei rad verkemiddel for å gjere programmet betre kjent mellom norske studentar. Det er rimeleg at effektane av dei ulike tiltaka ikkje vart synlege straks, men at vi no haustar fruktene. I 2003 har SIU følgd opp med ein ny og friskare Erasmus-brosjyre og to nye plakatar. Fleire initiativ er planlagde for 2004, til dømes ei eiga Erasmus-nettside for studentar.

SIU registrerer at retninga i studentutvekslinga ser ut til å ha endra seg noko. Tyskland har i årevis vore eit relativt sett

lite populært studiemål for norske Erasmus-studentar, medan Spania har lege på toppen av statistikken. Tala for 2002/2003 syner ei svak utjamning. Tyskland har i fleire år vore det landet som sender flest Erasmus-studentar til Noreg, noko som mellom anna kan ha samband med at Tyskland var eit av hovudlanda for Study Norway-kampanjen. SIU har satsa på å fremje samarbeid med Tyskland, mellom anna gjennom kontaktseminaret for ingeniørutdanningane som vart skipa til i Bonn i januar saman med DAAD, den tyske søsterorganisasjonen til SIU.


Lærarutvekslinga i Erasmus auka mykje i førre meldingsår, og dette talet har halde seg stabilt i 2002/2003. Når det gjeld europeiske samarbeidsprosjekt, er det med glede SIU noterer at det no er to norsk-leidde sentraliserte prosjekt i Erasmus. Tidlegare har den norske deltakinga vore låg, og SIU ser det som viktig at institusjonane involverer seg i fagleg samarbeid og europeiske nettverk som går ut over berre mobilitet. (Dei sentraliserte prosjekta kan hjelpe til med å forankre internasjonaliseringa sterkare i den faglege verksemda.)

Stor suksess for Erasmus Link


I 2003 løyvde Utdannings- og forskingsdepartementet midlar til eit eige program for utveksling og samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar i dei tolv kandidatlandene til EU. SIU hadde ansvaret for programmet, som vart kalla "The Erasmus Link to Norway". Programmet vart ein suksess. Det vart mellom anna halde eit kontaktseminar i Budapest for norske institusjonar som

ønskte partnerar i Ungarn. Totalt vart det inngått rundt 200 bilaterale avtalar mellom institusjonar i Noreg og i 11 av dei 12 landa. Erasmus Link held fram i 2004 med støtte til student- og lærarutveksling med Romania, Bulgaria og Tyrkia, medan resten av landa vert EU-medlemmer og dermed tilgjengelege for vanleg Erasmus-samarbeid.

Studentutveksling i Erasmus



Aukinga i talet på studentar som kjem til Noreg held fram. Fleirtalet av studentane i 2003 kom frå Tyskland (390 studentar).



Erasmus-plakat publisert av SIU i 2003, retta mot norske studentar.

SIU-Styret 2003

Medlemer	Institusjon
Knut Brautaset (leiar)	Høgskolen i Agder
Toril Johansson (nestleiar)	Universitetet i Oslo
Gunnar Breivik	Norges idrettshøgskole
Rune Nilsen	Universitetet i Bergen
Olav Refsdal	Høgskolen i Vestfold
Ragnhild Hutchison (1. halvår)	Norsk Studentunion
Lene Henriksen (2. halvår)	Studentenes Landsforbund
Kari Omdahl	SIU
Gerd Skeie	SIU

Varamedlemer	Institusjon
Gerd Bjørhovde	Universitetet i Tromsø
Kirsti Hienn	Høgskolen i Narvik
Martin Skogrand (1. halvår)	Studentenes Landsforbund
Eivind Vad Petersson (2. halvår)	Norsk Studentunion

Observatører	Institusjon
Widar Hvamb (til september 2003)	Universitets- og høgskolerådet
Ola Stave (frå september 2003)	Universitets- og høgskolerådet

SIU interimstyre¹

(oktober - desember 2003)

Medlemer	Institusjon
Knut Brautaset	Høgskolen i Agder
Toril Johansson	Universitetet i Oslo
Gunnar Breivik	Norges idrettshøgskole
Anne Kristin Norum	Norges Balletthøgskole
Bjørn Tore Kjellemo	Utdannings- og Forskningsdepartementet
Lene Henriksen	Studentenes Landsforbund
Eivind Vad Petersson	Norsk Studentunion (møtande vara frå studentane)

¹ Interimstyret vart oppretta av Utdannings- og forskningsdepartementet med mandat til å førebu overgangen til nytt senter

SIU nøkkeltal

(alle tal i norske kroner NOK)

SIUs administrasjonskostnader er dels dekte gjennom dei ulike programma (overhead) og dels gjennom spesifikke løyvingar frå avtalepartnarar. Dei totale administrasjonskostnadene til SIU i 2002 og 2003 var MNOK 23 for kvart av åra. Frå 2004 er det løyva ytterlegare MNOK 5 til administrasjon av nye oppgåver frå Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD).

) slutt 2001 **) ny 2002 *) slutt 2003 ****) sluttar i 2004*

Program/Avtalar	2002 Rekneskap	2003 Rekneskap	2004 Løyving
Sokrates	34 212 715	30 435 000	34 000 000
NUFU	67 000 000	43 056 000	76 600 000
NORADs stipendprogram	52 500 000	52 500 000	52 500 000
- kulturutdanningsprogram	5 000 000	3 382 000	5 000 000
- sommarskolen	1 372 000	1 673 000	1 673 000
- kurs i Sør **	4 000 000	4 000 000	4 032 156
Sentral- og Aust-Europa *	4 074 000		
Søraust-Europa	20 000 000	15 000 000	15 000 000
Russland **	11 000 000	10 000 000	10 000 000
Kandidatlanda til EU **	15 000 000	10 000 000	10 000 000
Nordplus ****	32 836 000	33 315 000	500 000
Nordmål ***	4 884 000	4 600 000	
TOTALT	251 878 715	207 961 000	209 305 156

NUFU-styret 2003

Medlemer	Varamedlemer
Roger Abrahamson (leiar), Norges landbrukshøgskole	Trygve Berg, Noragric, Norges landbrukshøgskole
Edvard B. Messelt (nestleiar), Universitetet i Bergen	Bente Herstad, Universitetet i Oslo
Randi Rønning Balsvik, Universitetet i Tromsø	Carl-Erik Schultz, Universitetet i Tromsø
Knut Stenberg, NTNU	Ånund Killingtveit, NTNU
Janneche Utne Skaare, Norges veterinærhøgskole	Kristin Ternes, Høgskolen i Molde
Karin Pittmann, Universitetet i Bergen	Thorkild Tylleskär, Universitetet i Bergen
Anne Marie Støkken, Høgskolen i Agder	Harald Knudsen, Høgskolen i Agder
Ragnhild Hutchison, Norsk Studentunion	Eivind Vad Petersson, Norsk Studentunion

Styret i NORADs stipendprogram

(Dette er òg styret for NORADs kulturutdanningsprogram)

Medlemer	Varamedlemer
Ragnar Øygard, Norges landbrukshøgskole (leiar)	Ruth Haug, Norges landbrukshøgskole
Bjørn Hersoug, Universitetet i Tromsø	Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø
Gunnar Bjune, Universitetet i Oslo	Karen Crawshaw Johansen, Universitetet i Oslo
Torgeir Moan, NTNU	Hilde Skeie, NTNU
Bjørn J. Bjøntegaard, Norges Musikkhøgskole	Toril Gjerdet, Kunsthøgskolen i Oslo
Andreas Steigen, Universitetet i Bergen	Gro Lie, Universitetet i Bergen
Anne Ryen, Høgskolen i Agder	Siv Olstedal, Høgskolen i Bodø
Ragnhild Hutchison, Norsk Studentunion	Eivind Vad Petersson, Norsk Studentunion

Styret for samarbeidsprogramma med Sentral- og Aust-Europa 2003

Medlemer	Institusjon	Vald av
Merete Ulstein (leiar)	Norsk institutt for vannforskning (NIVA)	Norges Forskningsråd
Ingvild Broch (nestleiar)	Universitetet i Tromsø	SIU
Nanna Kildal	Universitetet i Bergen	SIU
Frode Lieungh	Høgskolen i Telemark	SIU
Svein Mønnesland	Universitetet i Oslo	SIU
Jon Naustdalslid	Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)	Norges Forskningsråd
Ole Nørgaard	Universitetet i Aarhus	Norges Forskningsråd
Vigfrid Næss	Dynal	Norges Forskningsråd
Ingrid Schulerud	Utanriksdepartementet	Utanriksdepartementet

Varamedlemer	Institusjon
Sissel Hertzberg	NTNU
Per Magnus	Nasjonalt folkehelseinstitutt

Observatører	Institusjon
Dagfrid Hjorthol	Utanriksdepartementet
Solveig Rossebø	Utanriksdepartementet
Lene Oftedal	Utdannings- og forskningsdepartementet
Anne Welle-Strand	Handelshøgskolen BI

HØGUT Styringsgruppa for nordisk samarbeid innan høgare utdanning 1.1.2002-31.12.2004

Medlemer	Varamedlemer
Gertie Lund, Ministeriet for Videnskab, Teknologi og Udvikling, Universitetspolitisk kontor, Danmark	Ellen Hansen, Rektorkollegiets Sekretariat Danmark
Tyge Skovgaard Christensen, Center for Videregående Uddannelser - Vest, Danmark	Birte Kjær Jensen, Undervisningsministeriet, Uddannelsesstyrelsen, Danmark
Juha Arhinmäki, Undervisningsministeriet, Finland	Armi Mikkola, Undervisningsministeriet, Finland
Krista Varantola, Tammerfors universitet, Finland	Olle Anckar, Åbo Akademi, Finland
Gisliþór Magnússon, Menntamálaráðuneytið, (Utdannings-, vitenskap- og kulturdepartement), Island	Hellen M. Gunnarsdóttir, Menntamálaráðuneytið (Utdannings-, vitenskap- og kulturdepartement), Island
Guðmundur Hálfðánarson, Nýa Garði, Háskóli Íslands/Íslands universitet, Island	Ólafur H. Jóhannesson, Kennaraháskóla Íslands/Íslands lærarhøgskole, v/Stakkahlíð, Island
Bjørn Tore Kjellemo, Utdannings- og forskningsdepartementet Universitets- og høgskoleavdelingen, Noreg	Borghild Abusland, Utdannings- og forskningsdepartementet Noreg
Sonni Olsen, Høgskolen i Finnmark, Noreg	Per Nyborg, Universitets- og høgskolerådet, Noreg
Karin Röding, Utbildningsdepartementet, Sverige	Karin Odencrants, Utbildningsdepartementet, Sverige
Ingela Josefson, Södertörns högskola, Sverige	Magnus Söderström, Mälardalens högskola, Sverige
Malan Marnersdóttir, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyan	Hans Pauli Joensen, Fróðskaparsetur Føroya, Náttúruvísindadeildin, Færøyan
Gitte Hertling, Direktoratet for Kultur, Uddannelse, Forskning og Kirke, Grønland	Dorthe Korneliusen, Ilinnarfissuaq (Grønlands Seminarium), Grønland
Agneta Eriksson-Granskog, Högskolan på Åland, Åland	Elisabeth Storfors, Ålands landskapsstyrelse, Utbildnings- och kulturavdelingen, Åland

Den språkpolitiske referansegruppa for Nordmål 1.1.2002-31.12.2004

Medlemer	Varamedlemer
Frans Gregersen, Nordisk Institutt/Københavns universitet, Danmark	Niels Davidsen-Nielsen, Institut for engelsk/Handelshøjskolen, Danmark
Pirkko Nuolijärvi, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland	Aino Pihl, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland
Mikael Reuter, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland	Eivor Sommaredahl, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland
Jógvan í Lon Jacobsen, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyan	Anfinnur Johansen, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyan
Carl Christian Olsen, Oqaasileriffik/Sprogsekretariatet, Grønland	Nuka Møller, Sprognet Inuit Circumpolar conference, Grønland
Sölvi Sveinsson, Fjölbrautaskólanum við Ármúla, Island	Auður Hauksdóttir, Vigdís Finnbogadóttir Instituttet, vid Islands Universitet, Island
Nils Ø. Helander, Nordisk Samisk Institutt, Noreg	Inger Marie G. Eira, Nordisk Samisk Institutt, Noreg
Svein Lie, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, UIO, Noreg	Brit Mæhlum, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU, Noreg
Agnete Øye, omsetjar, Noreg	Kari Christensen, forfattar, Noreg
Olle Josephsson, Svenska språknämnden, Sverige	Björn Melander, Institutionen för nordiska språk, Sverige
Gyrid Högman, Ålands lyceum, Åland	Solveig Eriksson, lektor, Åland

NASJONALT UTVAL FOR HANDLINGSPROGRAMMA SOKRATES OG LEONARDO DA VINCI 2003:

Utvalet blei nedlagt 30.06.2003

Medlemer:	Varamedlemer:	Reprenterere:
Per Syvertsen		Landsorganisasjonen
Rolf Jørn Karlsen	Berit Asker Krogh	Landsorganisasjonen
Inger Beate Lundsgaard	Ingebjørg Harto	Næringslivets hovedorganisasjon
Helge Halvorsen	Tor Erik Groeng	Næringslivets hovedorganisasjon
Lars Møllerud	Kari Anne Osborg	Kommunenes sentralforbund
Ingjerd Hovdenakk		Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon (UHO)
Jostein Rykkvin	Marit Dahl	Utdanningsforbundet/Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon (UHO)
Sigrud Lem	Kjell Hansen	Akademikerne
Wenche Paulsrud	Frode Sandberg	Yrkesorganisasjonenes sentralforbund
Serine M.A. Lauritzen	Ole-Christian Foss	Elevorganisasjonen
Ragnhild Hutchison	Kristin Sten	Norsk Studentunion
Martin Skogrand	Anne Marte Klubbenes	Studentenes landsforbund
Sturla Bjerkaker	Marit Jacobsen	Voksenopplæringsforbundet
Odd Haddal	Hilde Svalbjørg	Folkehøgskolerådet
Ingeborg Bø	Sigmund Kristoffersen	Norsk forbund for fjernundervisning
John Andersen	Bjørn Einar Aas	Universitets- og høgskolerådet
Hélène Ullerø	Britt Hamre	Universitets- og høgskolerådet
Harald Smestad	Dag Ofstad	Universitets- og høgskolerådet
Observatørar:		
Dankert Vedeler	Torlaug Lundh Aukrust	Utdannings- og forskingsdepartementet
Jan Ellertsen	Gro Beate Vige	Utdannings- og forskingsdepartementet
Lise Grette	Bjørn Jaaberg Hansen	Barne- og familiedepartementet
Trude Eliassen	Åse Rellsve	Arbeids- og administrasjonsdepartementet/Kommunal- og regionaldepartementet
Tor Arne Johnsen		Nærings- og handelsdepartementet

Leiar av utvalet: Hélène Ullerø

NASJONALT UTVAL FOR ERASMUS 2003:

Medlemer:	Varamedlemer:	Reprenterere:
Berit Hobber	Trine Knudsen	Landsorganisasjonen
Inger Beate Lundsgaard	Ingebjørg Harto	Næringslivets hovedorganisasjon
Tove Hauge	Bjørg Karin Ringen	Utdanningsforbundet/Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon (UHO)
Kjell Hansen	Sigrud Lem	Akademikerne
Kjersti Moe (til 01.07.03)	Kristin Sten (til 01.07.03)	Norsk Studentunion
Svein Brembo (frå 01.07.03)	Eivind Vad Petersson (frå 01.07.03)	
Torunn Toppfahl	Martin Skogrand	Studentenes Landsforbund
John Andersen	Morten Gransæther Kielland	Universitets- og høgskolerådet
Hélène Ullerø	Danuta Tomczak	Universitets- og høgskolerådet
Åse Mørkeset	Helene Hanssen	Universitets- og høgskolerådet
Svein Arild Pedersen	Harald Smestad	Universitets- og høgskolerådet
Observatør:		
Lene Ofedal	Tove Kvil	Utdannings- og forskingsdepartementet

Leiar av ERASMUS-utvalet: John Andersen

NASJONALT UTVAL FOR COMENIUS 2003:

Medlemer:	Varamedlemer:	Reprenterere:
Kristine Hansen	Per Skau	Landsorganisasjonen
Liv Ragnhild Hov	Per-Inge Nørbech	Næringslivets hovedorganisasjon
Lars Møllerud	Kari Anne Osborg	Kommunenes sentralforbund
Jostein Rykkvin	Marit Dahl	Utdanningsforbundet/Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon (UHO) (frå 01.08.02)
(inviterte representantar ikkje møtt)		Elevorganisasjonen
Observatør:		
Bodhild Baasland	Alf Vestrheim	Utdannings- og forskingsdepartementet
Kjersti Marvik	Irene Handeland	Barne-, ungdoms- og familieforvaltningen (BUFA)

Leiar av COMENIUS-utvalet: Jostein Rykkvin

Jostein Rykkvin gjekk bort i september i 2003. Han vart 60 år. Rykkvin var seniorkonsulent i Utdanningsforbundet med vidaregåande skular som arbeidsområde, og han var leiar av Comenius-utvalet frå 2000.

NASJONALT UTVAL FOR GRUNDTVIG 2003:

Medlemer:	Varamedlemer:	Reprenterere:
Trygve Natvig		Landsorganisasjonen
Arne Eidsmo	Tor Erik Groeng	Næringslivets hovedorganisasjon
Marit Dahl	Torbjørn Ryssevik	Utdanningsforbundet/Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon (UHO)
Sturla Bjerkaker	Doris Bjerke	Voksenopplæringsforbundet
Jan B. Ommundsen (til 22.04.03)	Torhild Slåtto (til 22.04.03)	Norsk forbund for fjernundervisning
Torhild Slåtto (frå 22.04.03)	Ingeborg Bø (frå 22.04.03)	
Odd Haddal	Hilde Svalbjørg	Folkehøgskolerådet
Anne Iversen		Universitets- og høgskolerådet

Observatørar:

Erik Dahl		Utdannings- og forskingsdepartementet
Stine Øfsdahl	Erik Langbråten	Barne-, ungdoms- og familieforvaltningen (BUFA)

Leiar av GRUNDTVIG-utvalet: Sturla Bjerkaker

SIU stør trekkfuglane



UNIVERSITETS- OG HØGSKOLERÅDET
SIU SENTER FOR INTERNASJONALT UNIVERSITETSSAMARBEID

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen
Tel: 55 30 88 00 Fax: 55 30 88 01
Epost: siu@siu.no. Internett: www.siu.no